



Jostein Legland og Erling Warberg har opplevd eit dårleg brislingfiske. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skippar Arild Benjaminson frå Halsnøy sa for nokre dagar sidan til Kvinnheringen at han hadde opplevd eit langt betre brislingfiske i år enn i dei siste åra. Han brukte faktisk ordet eventyrleg og meldte om ein fangst på 300 tonn dei siste to månadane,.

Det gjer ikkje den einaste yrkesfiskaren i Uskedalen, Jostein Legland. Han må melda om dårleg fiske.

- Og kva er grunnen til det, Jostein?

- Arild har vore heldig, det har ikkje vi. Men grunnen til eit dårlig resultat er ikkje at det har vore lite brisling, Det har tvert imot vore bra med brisling her i nærområdet, betre enn innover i Hardangerfjorden og i Sogn der vi også har vore.

- Grunnen til eit dårleg resultat er rett og slett at vi har hatt for lita not, seier Jostein, som nyleg har kjøpt ny og langt større båt saman med Erling Warberg frå Sunde.

Fiskarane i Bergland ANS har vore klår over problemet, men det er ikke gjort i ei handvending å skifta not. Det må skje til neste år.

No ventar Legland på resultat frå prøvefiske innover i Hardangerfjorden og i Nordfjord, som eventuelt vil opna for ordinært fiske i desse områda.

Av Ola Matti Mathisen